



HANDLINGSPLAN MOT MOBBING OG KRENKANDE ÅTFERD I BARNEHAGANE OG SKULANE IVÅGÅ

Alle barnehagar og skular i Vågå kommune skal:

- Ha nulltoleranse mot mobbing!
- Drive aktivt førebyggande arbeid
- Sikre eit godt samarbeid mellom skule, barnehage og heim
- Ha gode rutinar for avdekking av mobbing
- Alle har eit felles ansvar for gripe inn ved krenkande åtferd
 - Følgje opp alle involverte
 - Sikre god dokumentasjon
- Ha trygge og tydelege vaksne som ivaretok barna, slik at barna kan stole på at problema vert teke på alvor

Innhold

I Innleiing.....	3
1.1 Definisjon på mobbing og krenkande atferd	4
1.2 Felles mål for barnehage og skule i Vågå Kommune.....	5
2 Handlingsplan for skulane i Vågå kommune.....	6
2.1 Lovverk.....	6
2.2 Aktivitetsplikt	6
2.3 Forebyggende arbeid i Vågåskulen	7
2.4 Rutinar som kan avdekke mobbing og krenkande åtferd i Vågåskulen:.....	7
2.5 Ansvar og meldeplikt i Vågåskulen:.....	8
2.6 Tiltak ved uønskt åtferd	8
2.7 Kjenneteikn på undervisning som medverkar til trygge og gode skolemiljø:	9
3 Handlingsplan for barnehagane i Vågå kommune	10
3.1 Lovverk.....	10
3.2 Mål for barnehagen.....	10
3.3 Forebyggande arbeid i barnehagen.....	11
3.4 Avdekking	12
3.5 Tiltak.....	12
4 Vedlegg, system for barnehagen.....	13



I Innleiing

Vågå kommune har delteke i utviklingsprosjektet inkluderande læringsmiljø i skule og barnehage i regi av Utdanningsdirektoratet. Vi har vore i eit nettverk saman med fylkesmannen, samarbeidande kommunar og regional PPT i prosjektperioden som har vore frå desember 2016 – desember 2018. Alle våre skular og barnehagar, kommunale som private har delteke.

Denne handlingsplanen er eit arbeid som skal løyse ut praktisk handling i det daglege arbeidet med barn og unge i Vågå. Lokale planar ved kvar verksemد skal implementerast og leggast inn i einingane sine årshjul. Vårt arbeid med inkludering skal utgjere ein forskjell, og det kviler eit ansvar på barnehage- og skuleleiinga for at dette viktige arbeidet blir følgt opp.

Trivsel er ein føresetnad for utvikling og læring og det skal vere nulltoleranse mot krenkjande åtferd i Vågå kommune. For å lukkast i arbeidet er det nødvendig at aktørane på læringsarenaene samhandlar, difor er føresette lyfta opp som ein viktig partnar i Vågå kommune sine planar. Kompetansehevingstiltak har difor også omfatta føresette.

Utviklingsarbeidet har vore gjennomgående i både skule og barnehage. Vi veit at grunnmuren i opplæringsløpet og etablering av relasjonar byrjar i barnehagen. Det er difor viktig at Vågå kommune har ein heilskapleg halding til korleis våre tilsette systematisk skal arbeide for å førebygge, avdekke og sette inn tiltak når born ikkje opplever kvardagen som utviklande.



I.1 Definisjon på mobbing og krenkande atferd

«*Mobbing av barn er handlinger fra voksne og/eller barn som hindrer opplevelsen av å høre til, å være en betydningsfull person i fellesskapet og muligheten til medvirkning»* (Lund, Helgeland, Kovac, 2017).

Med krenkende åtferd forstår vi:

Krenkende atferd kan skje som enkeltstående eller gjentatte handlinger. Krenkende atferd er handlinger som utføres uten respekt for integriteten til den som blir rammet. (kilde)

I forbindelse med deltaking i prosjektet «Inkluderande læringsmiljø» drodla vi rundt kva vi meiner med krenkande åtferd. Her er stikkorda vi kom fram til:



Konflikt: er når to likeverdige parter blir uenige og det oppstår eit samanstøt der to eller fleire motstridande ønskjer er til stades. Det som skjer vert opplevd som ubehageleg for begge parter. Ved slike hendingar skal tiltak setjast i verk.

Diskriminering: forskjellsbehandling, vanlegvis i betydningen av å behandle nokon mindre gunstig enn andre. Ordet vert ofta brukta for å betegne ein usakleg eller urimeleg forskjellsbehandling av andre individ, kjønn, legning, etniske grupper, nasjonaliteter, religiøse samfunn osb., ut i frå kjenslemessige eller tradisjonelle haldningar.


Rasisme: er all diskriminering basert på etnisitet, opprinningsland, eller hudfarge.

I.2 Felles mål for barnehage og skule i Vågå Kommune

I Vågå kommune skal alle barn oppleve eit inkluderande læringsmiljø. For å nå dette målet er det ein føresetnad at både tilsette og føresette samarbeider godt med både førebyggande og holdningsskapande arbeid.

Alle barnehagar og skular i Vågå kommune skal:

- Ha nulltoleranse mot mobbing!
- Drive aktivt førebyggande arbeid
- Sikre eit godt samarbeid mellom skule, barnehage og heim
- Ha gode rutinar for avdekking av mobbing.
- Alle har eit felles ansvar for gripe inn ved krenkande åtferd
- Følgje opp alle involverte.
- Sikre god dokumentasjon.
- Ha trygge og tydelege vaksne som ivaretok barna, slik at barna kan stole på at problema vert teke på alvor.



Når man arbeider med relasjonar i barnehage og skule er det viktig å tenkje heilhetleg og systematisk arbeid. Alt heng i hop og rektor og styrar ved kvar enkelt barnehage og skule har ansvaret for det psykososiale miljøet.

Barnehage – og skulekultur handlar om verdiar og normer. Kva er viktig og verdifullt ved barnehagen og skulen vår. Korleis bør vi oppføre oss kva er akseptabel / uakseptabel åtferd i barnehagen og på skulen?

2 Handlingsplan for skulane i Vågå kommune

2.1 Lovverk

Skulane i Noreg er styrt etter Opplæringsloven, kunnskapsløftet og FN`s barnekovensjon. Opplæringsloven kapittel 9a omhandlar skulemiljøet til elevane.

Elevens arbeidsmiljølov:

§ 9A-2 Retten til eit trygt og godt skolemiljø.

«Alle elevar har rett til eit trygt og godt skolemiljø som fremjar helse, trivsel og læring»

Dette er det overordna målet for skulens arbeid med det psykososiale skolemiljøet. Rektor har det overordna ansvaret for det psykososiale miljøet i skulen.

§ 9A-3 Nulltoleranse og systematisk arbeid

«Skolen skal ha nulltoleranse mot krenking som mobbing, vald, diskriminering og trakkassering.

Skolen skal arbeide kontinuerleg og systematisk for å fremje helse, miljøet og tryggleiken til elevane, slik at krava i eller i medhald av kappitlet blir oppfylte. Rektor har ansvaret for at dette blir gjort»

§ 9 A-4.Aktivitetsplikt for å sikre at elevar har eit trygt og godt psykososialt skolemiljø

2.2 Aktivitetsplikt

§ 9 A-4.Aktivitetsplikt for å sikre at elevar har eit trygt og godt psykososialt skolemiljø

Det er eleven si eiga oppleving av om skulemiljøet er trygt og godt som er avgjerande.

Eleven si stemme skal bli høyrt. Skulen pliktar å:

1: alle som arbeider på skulen må **følge med** på korleis elevane er med kvarandre og korleis dei har det på skulen

2: alle som arbeider på skulen må **gripe inn** mot krenkingar dersom det er mogleg

3: alle som arbeider på skulen må **varsle** rektor ved mistanke eller kjennskap til at ein ikkje har eit trygt og godt skulemiljø

4: skulen har lav terskel for å **undersøkje** kva som skapar mistanke om eller kjennskap til at ein elev ikkje har eit trygt og godt skulemiljø

5: skulen skal **setje i gang tiltak**, dette skal evaluerast heilt til eleven har det trygt og godt



2.3 Forebyggende arbeid i Vågåskulen

Kva	Når	Korleis	Ansvar
Gjennomgang av skulen sine regler og utarbeidning av trinnregler	Ved skulestart	Klassevis	Kontaktlærar
Gjennomgang av skulens handlingsplan	Skulestart og nye tilsette	Rektor gjennomgår ved skulestart kvart år	Rektor
Elevsamtalar	Minst to i året, fleire ved behov	Lærar-elev	Kontaktlærar
Utviklingssamtalar	2 gonger kvart år	Samtale mellom elev-lærer-føresett om elevens utvikling	Kontaktlærar
Foreldremøter	Haust og vår	Skulevis og eit felles i Vågåmo	Skuleleiing
Inspeksjonsrutinar	Kontinuerlig	Eget skriv.	Rektor
Elevundersøkelsen	haust	Analyse av resultat	Skuleleiing
Foreldreundersøkjing	Jan/feb	Web-basert	skuleleiing
Miljøundersøkelse	Kwart halvår	Spekter	Kontaktlærar
Overgang bhg-skule		Egen plan	Rektor og Styrer

2.4 Rutinar som kan avdekke mobbing og krenkjande åtferd i Vågåskulen:

Kva	Når	Korleis	Ansvar
Elevsamtalar	Kontinuerleg	Einesamtalar og gruppessamtalar	Kontaktlærar
Inspeksjon	Heile skuleåret	Vaksenåtferd, inspeksjonsrutinar	Ass.rektor
Utviklingssamtalar	Haust/vår	Punkt i samtala	Kontaktlærar
Informasjon om elevane og dei føresette sine moglegheiter for å klage på skolemiljøet	Ved foreldremøte haust	Informasjon i møta. Informasjon på heimesida.	Rektor

2.5 Ansvar og meldeplikt i Vågåskulen:

Kven	Når	Kva
Alle tilsette på skulen, samt vikarar og evt. studentar/praksiselevar	Kontinuerleg	Merksemdu retta mot elevar som opplev krenkande åtferd eller mobbing. Spesielt fokus på elevar som ofte kjem i konflikt eller som går einsleg. Plikt til å gripe inn
Elevar	Kontinuerleg	Melde frå til ein voksen på skulen eller heime viss dei sjølve eller andre vert plaga
Føresette	Kontinuerleg	Melde frå til kontaktlærar ved bekymring for det psykososiale miljøet i klassa/skulen.
Dersom leiinga krenker elev	Kontinuerleg	Viss nokon i leiinga krenker elev, skal lærar melde direkte til skuleeigar.

2.6 Tiltak ved uønskt åtferd

Tiltak ved avdekt mobbing: då gjeld aktivitetsplikten som er i §9a. Dei tilsette skal følgje med, gripe inn, varsle rektor, undersøkje og sette inn tiltak som skal virke til elevane har det trygt og godt.

Tiltak ved konfliktar mellom elevane: skaffe eit overblikk og finne ut kva som foregår. La kvar av dei forklare seg om det som har skjedd. Bruke evt. vitnar for å skaffe info om hendinga. Dersom elevane er einige i å stoppe konflikten, kan saken avsluttast der og da. Om dei ikkje er villige til å stoppe, skal dei informerast om vidare saksgang. Dette er å ta dei inn til samtale i rolege omgjevnader og høyre kva kvar enkelt av dei har å seie om saka. Den vaksne gjentek beskrivinga og spør kvar enkelt om dei er einige i dette. Om partane er einige om kva som motiverte konflikten og er einige om å gå vidare, kan saka avsluttast der. Om konflikten fortset, skal nærmeste leiar tilkallast og føresette skal varslast. Om eleven(e) ikkje greier å roe seg ned, skal det vurderast om eleven(e) skal hentast av føresette.

Tiltak ved krenkjande åtferd, diskriminering og rasisme: den tilsette skal undersøkje saken og gripe inn ved behov. Korrektiver blir gjeve den som utførte handlinga. Om dette fortset skal leiinga varslast og det vert utarbeidd ein aktivitetsplan. Ved gjentakingar av åtferda skal føresette til både utøver og den som vart krenka varslast.

Tiltak ved vald og truslar om vald mellom elevar: den tilsette som er i situasjonen skal tilkalle hjelp om episoden er voldsom. Snakk roleg med dei involverte og fortel kva du vil gjere. Du skal unngå sterke utsegn og opptre konfliktdeempande. Forsøk å skilje elevane, men ver forsiktig med å gå i mellom. Vurder skadar og behov for umiddelbar legehjelp. Kontaktlærar og leiing skal varslast. Prat med begge involverte og varsle føresette. Skriv skademelding om nødvendig. Saka skal undersøkjast nøyne og det skal vurderast å skrive aktivitetsplan. Det skal og vurderast å utvise eleven(e) jfr. ordensreglane.

2.7 Kjenneteikn på undervisning som medverkar til trygge og gode skulemiljø:

Eit raust og støttande læringsmiljø er grunnlaget for ein positiv kultur der elevane vert oppmuntra og stimulert til fagleg og sosial utvikling. Føler elevane seg utrygge, kan det hemme læringa. Trygge læringsmiljø vert utvikla og oppretthalda av tydelege og omsorgsfulle vaksne, i samarbeid med elevane.

- Fagleg og sosial læring skjer samstundes
- Eleven medverkar og opplever meistring
- Eleven får god framovermelding om eiga læring

Arbeidet for å sikre eit godt skule og læringsmiljø for alle er eit kontinuerlig arbeid. Planen under syner korleis vi gjennom året jobbar periodevis med sosial kompetanse og samhandling på alle steg i Vågåskulen. Innhaldet i planen er kjent for elevane og heng synleg i klasserom og kommuniserast heim kavar veke/periode.

I: Ein god start for alle			
Veke	Mål	Fellesaktivitet	Gode idear
34-40	Eg kan fortelje om skulens og klassa sine reglar	Fadderordning. Arbeide med felles opplevelingar på tvers av trinn	Felles uteskule Bli med dansen
2: Samhald, trivsel og toleranse			
Veke	Mål	Fellesaktivitet	Gode idear
41-48	Eg kan være i lag med elevar på tvers av steg	Oppstart trivselsveke 45	Trivselsveke

3: Eg bidreg til eit godt læringsmiljø			
Veke	Mål	Fellesaktivitet	Gode idear
49-52	Eg er ein positiv læringspartner og prøver å samarbeide med dei rundt meg	Adventstund Lucia Leseveker!	Felles uteskule Bli med dansen
4: Eg tek vare på skulen min			
Veke	Mål	Fellesaktivitet	Gode idear
1-9	Eg held det ryddig i garderobe.	Vinterveke	Trivselsveke

5: Eg er ein god venn			
Veke	Mål	Fellesaktivitet	Gode idear
10-20	Eg kan fortelje om skulens og klassa sine reglar	Fadderordning. Arbeide med felles opplevingar på tvers av trinn	Felles uteskule Bli med dansen
6: Eg tek vare på skulen min			
Veke	Mål	Fellesaktivitet	Gode idear
20-25	Eg tek vare på leikar på skulen og held det ryddig rundt meg	Fotballturnering 7.steg Spor i stein	

3 Handlingsplan for barnehagane i Vågå kommune

3.1 Lovverk

Barnehagane i Noreg er styrt etter Rammeplan for barnehage og Fn's barnekonvensjon.

Barnehageloven stiller klare forventningar til barnehagens sine forpliktingar for å skape eit godt psykososialt - og fysisk læringsmiljø for barn:

§I FORMÅL

« Barnehagen skal møte barna med tillit og respekt, og anerkjenne barndommens egenverdi. Den skal bidra til trivsel og glede i lek og lærling, og være et utfordrende og trygt sted for fellesskap og vennskap. Barnehagen skal fremme demokrati og likestilling og motarbeide alle former for diskriminering»

« Å møte individet sitt behov for omsorg, tryggleik, tilhörsle og anerkjening og sikre at barna får ta del i og medverke i fellesskapet, er viktige verdiar som skal spøglast i barnehagen. Barnehagen skal fremje demokrati, mangfold og gjensidig respekt, likestilling, berekraftig utvikling, livsmestring og helse» (Rammeplan for barnehage).

3.2 Mål for barnehagen

I barnehagane våre skal alle bli møtt med:

- God omsorg
- Gode holdningar frå dei vaksne
- Fellesskap – alle skal vera ein del av fellesskapet

Dei vaksne skal:

- Skape trygge rammer
- Vere tilgjengelege
- Gje av seg sjølve
- Vise omsorg og respekt
- Bidra til fellesskapet
- Førebygge mobbing

Barn skal:

- Utvikle seg i eit trygt miljø
- Bli sett, høyrt og forstått
- Få medverke uansett alder, modning og funksjonsnivå
- Ha høve til å utvikle vennskap, barnehagevenner
- Vere ein del av fellesskapet

Styrar har det overordna ansvar for det psykososiale miljøet i barnehagen. Alle tilsette skal forhindre og stoppe mobbing og mobbeliknande åtferd når dette skjer. Barnehagen skal vera ein trygg og god arena der alle ungane skal oppleva mestring og læring.

Barnehagen skal skape eit trygt og inkluderande læringsmiljø som førebygger mobbing og krenkande åtferd for alle ungane i barnehagen. For å få til dette jobbar vi mykje med vaksenrolla og relasjonen vaksen – barn. Barns fysiske og psykiske helse skal fremjas i barnehagen. Det kjem frå godt relasjonsarbeid. «Å syrge for gode relasjonar i barnehagen handlar om at barnehagelæraren arbeidsmåtar skal ivareta barnas behov for omsorg og leik, fremja læring og danning og gje barn moglegheit for medverknad» (Berit Bæ)



3.3 Forebyggande arbeid i barnehagen

For å nå måla skal dei vaksne i barnehagen:

- Jobbe systematisk for å skape eit trygt miljø
- Ta felles ansvar for å fremje respekt og toleranse mellom barna i barnehagen
- Bygge gode relasjonar mellom vaksne og barn, og barn og barn i mellom
- Vise respekt for og anerkjenne kvart enkelt barn
- Framheve positiv språkbruk og positiv åtferd
- Aktivt styrke barn sitt sjølvbilde og sørge for at barna opplever at ein hører til i fellesskapet
- Ha vaksenrolla i fokus, og vere bevisste vaksne som møter barnet på ein god måte
- Vere aktivt deltagande i barns sin leik og barnehagekveldagen
- Systematisk observere enkeltbarn og barnegrupper
- Vere bevisst på eigne haldningar og verdiar
- Utarbeide tydlege felles verdiar og holdningar
- Involvere foreldre i det førebyggande arbeidet

For å nå måla skal foreldre:

- Samarbeide med dei tilsette i barnehagen om det førebyggande arbeidet
- Vere bevisst at dei er barna sine viktigaste rollemodellar
- Vere bevisst på korleis ein som foreldre pratar om andre barn, om dei tilsette i barnehagen, og om menneskjer og barnehagen generelt

3.4 Avdekking

De vaksne i barnehagen skal arbeide saman for å oppdage krenkande åtferd, og kan gjera dette ved å bruke fleire av følgjande tilnærmingar:

- Tilstadeverande og deltagande vaksne
- Barnesamtaler
- Foreldresamtaler/foreldresamarbeid
- Systematisk observasjon av barna
- Vurdere dei vaksne sin åtferd og holdningar (sjekkliste)
- Utarbeide tydlege felles verdiar og haldningar som praktiseras (ped.leiar vere med her)
- Fokus på gruppeleiing og sosial kompetanse
- Å kartlegge miljøet når det er behov (sjå vedlegg)
- Ha oversikt over situasjonen
- Diskutere og reflektere

Sjølv om barnet har profesjonelle vaksne rundt seg i barnehagen er det fortsatt foreldra som kjenner barnet best. Alle foreldre har derfor det grunnleggande ansvar for barna sine og må melde frå til barnehagen dersom de har mistanke om at krenkande åtferd skjer i barnehagen. Dette gjeld ikkje berre deira eiga barn, men også andre sitt barn. Foreldre er barna sine viktigaste rollemodeller.

3.5 Tiltak

- Samtale med involverte barn
- Samle inn all nødvendig informasjon
- Pedagogisk leiar og styrar har ansvaret for oppfølging
- Øvrige tilsette får informasjon for om nødvendig å observere barna og saman utarbeide felles strategi relatert til åtferda
- Foreldra til dei barna som er involverte skal informerast
- Møte med foreldra
- Bli einige med foreldra om tiltak som skal gjeras for å stoppe åtferda
- Vurdere å informere heile barnegruppa
- Vurdere å ta opp saken med andre instansar, t.d. helsestasjon, PPT
- Evaluering etter 1 - 2 veker
- Eventuelt vidare tiltak
- Vidare evalueringar etter behov til saka er løyst
- Skrive referat frå alle møte (vedlegg)

4 Vedlegg, system for barnehagen

- 4.1 Sjekkliste 1
- 4.2 Sjekkliste 2
- 4.3 Observasjonslogg
- 4.4 Referat frå møte
- 4.5 Tiltaksplan
- 4.6 Bekrefting, tilsette
- 4.7 Bekrefting, foreldre
- 4.8 Årshjul



Sjekkliste I

Barnehagens oppvekstmiljø, vaksne sitt forhold til barna:

Spørsmål	Ja – alltid	Ja – ofte	Nei - sjeldan	Nei - aldri
Er vaksne i vår barnehagen anerkjennende og støttande i fht barns initiativ?				
Blir alle barna lagt merke til i like stor grad, uavhengig av type personleghet? (innad /utad vendt)				
Får nokre barn stadig positiv oppmerksamhet frå oss vaksne – meir enn andre barn?				
Får nokre barn stadig negativ oppmerksamhet frå oss vaksne – meir enn andre barn?				
Kan man sjå at det har vorte eit «mønster» i at vi vaksne har lettare for å tru på nokon barns forklaring på konflikter enn andre i gruppa?				
Er det nokre barn i gruppa som vi vaksne tek meir kontakt med – og finn på fleire aktivitetar med enn andre barn?				
Er det nokre barn i gruppa som vi vaksne tek lite kontakt med – og finn på sjeldan på aktivitetar med enn andre barn?				
Klarer vi å involvere alle barna i fellesskapet – f.eks praten rundt måltidet?				
Har vi vaksne større tålmod med enkelte barn i gruppa enn andre? T.d fylgje opp, hjelpe dei.				
Blir nokre barn raskare avbrutt / avvist av vaksne enn andre når dei tek kontakt med oss?				
Er alle vaksne bevisst på at barn ikkje alltid klarer å skilja spøk / ironi?				
Er vaksne i vår barnehage aktive med å bygge gode relasjonar og vennskap mellom barn?				
Legg de vaksne i barnehagen merke til kva barna trivst med og retter seg etter barns initiativ?				
Støttar vi barn til å kome i samspel med andre barn?				

Sjekkliste 2

Barnehagens oppvekstmiljø

Spørsmål	Ja - alltid	Ja – ofte	Nei - sjeldan	Nei - aldri
Er miljøet i vår barnehage prega av gjensidig omsorg, anerkjennande, varme og respekt?				
Er samspelet barna imellom prega av likeverd og veksling av kven som bestemmer og kven som til kvar tid får vera med?				
Er det ein trygg og avslappa tone prega av humor, spontanitet, oppmuntring og glede?				

Bruk sjekkliste 1 og 2 om barnehagens oppvekstmiljø som eit diskusjonsgrunnlag på avdelingsmøter og personalmøter osv.

OBSERVASJONSLOGG

REFERAT FRÅ MØTE OM MOBBING/KRENKANDE ÅTFERD I BARNEHAGEN

Skjemaet skal oppbevarast i barnet si mappe, og føresette skal få kopi.

Møtedato: _____

Desse var på
møte: _____

Kva saken gjeld	Tiltak	Ansvar

Dato for oppfølgingsmøte: _____

Underskrift tilsette

Underskrift føresette

Tiltaksplan når mobbing eller krenkande åtferd skjer

Tiltak	Ansvar	Gjennomført Sign og dato
Den som observerer mobbing / krenkande åtferd informerer ped.leiar straks. Ta det opp på avdelingsmøte eller før. Den som observerer situasjonen har ansvaret for å dokumentere. Kvar var de vaksne? Tiltak vidare	Den som observerer krenkande åtferd Alle	
Prat med de involverte barna	Den som observerte eller den som kjenner barna best	
Informere føresette til den / de som blir mobba og til de som mobber	Ped.leiar	
Evaluering av korleis det går etter 1 -2 veker.	Ped.leiar eller den som kjenner barnet best	
Vidare tiltak	Ped.leiar saman med resten av personalet	
Ny informasjon / nye samtaler til føresette	Ped.leiar	
Evaluering 1 x pr.mnd eller oftare inntil saken er løst. Halde føresette oppdatert	Ped.leiar	

Det skal skrivast referat frå alle møte!


**STADFESTING
på at tilsett har lest;**

**PLAN FOR EIT INKLUDERANDE LÆRINGSMILJØ I BARNEHAGEN
Handlingsplan mot mobbing i Vågåbarnehagane**

Planen finst på

- Vågå kommune si heimeside under barnehage
- Barnehagen si eiga heimeside
- Ligg i Compilo

Ber om at svarslippen blir returnert til styrar



Eg stadfester å ha lest «Handlingsplan mot mobbing i Vågåbarnehagane»

Dato _____

Tilsett _____


STADFESTING **på at foreldre har lest;**

PLAN FOR EIT INKLUDERANDE LÆRINGSMILJØ I BARNEHAGEN **Handlingsplan mot mobbing i Vågåbarnehagane**

Planen finst på

- Vågå kommune si heimeside under barnehage
- Barnehagen si eiga heimeside

Barnehagen ber om at svarslippen blir returnert til barnehagen



Namn på barn _____

Eg/vi stadfester å ha lest «Handlingsplan mot mobbing i Vågåbarnehagane»

Dato _____

Underskrift forelder/føresett _____

